



Statens vegvesen

Hammar Kameratane AS
v/Marius Tenden
Hella 60
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Tone Bøyum - 55 51 64 32

Vår referanse:
2015/100695-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.09.2015

Uttale - Søknad om dispensasjon - Tomannsbustad - gnr. 45 bnr. 435 - Selfallet - Manger - Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 12.08.2015 med søknad om dispensasjon for oppføring av 2 – mannsbustad på gnr 45 bnr 435 i Radøy kommune.

Arealet er omfatta av reguleringsplan for Selfallet. Det er søkt om dispensasjon frå kravet om utbyggingsplan jf. § 4.12 i føresegnene til planen. Statens vegvesen har ikkje merknad til denne del av søknaden.

Det er også søkt om utvida bruk av avkøyrsl. Avkøyrsla til tomta går via privat veg inn på kommunal veg. Det er difor kommunen som avgjer denne søknaden.

Det er vedlagt søknaden teikning av tiltaket. Tomta grensar mot fv 410 Toskavegen, og garasje og biloppstillingsplass er teikna inn på kart om lag 6 m frå gang og sykkelveg langs fylkesvegen. Dette er innanfor byggegrense mot veg som er satt i reguleringsplan for Selfallet.

Statens vegvesen minner om at byggegrenser i reguleringsplan berre kan fråvikast ved planendring j.f. plan- og bygningslova § 28-1 og 28-2 siste ledd, eller ved dispensasjon frå plan i medhald av plan- og bygningslova § 7. Der byggegrensa er fastsatt i reguleringsplan, er det kommunen som kan dispensere frå plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker.

Føremålet med byggegrenser langs veg er m.a. omsynet trafikktryggleiken, vegvedlikehald, arealbehov ved utbetring av veg og miljøet langs vegen. Byggegrensa i reguleringsplan for Selfallet er om lag 7m. Statens vegvesen vil vere kritisk til å dispensere frå denne byggegrensa. Skal tomta utnyttast slik det er søkt om må det vere ein føresetnad slik vi ser det, at areal til bygg og andre innrettingar planleggast utanfor byggegrensene.

Dersom ein søknad om dispensasjon frå byggegrensene vert sendt kommunen vil Statens vegvesen ta endeleg stilling til søknaden.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Plan- og forvaltningsseksjonen, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

for

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Tone Bøyum
Tone Bøyum
overingeniør

Kopi: Radøy kommune